



Kyrkjebladet

for
BYGLAND

Nr 2

Sommar 2019

76. årgang



Årdal kyrkje i sommardrakt. Foto: Olav Nilsen

**Dette kan du
lese om i
Kyrkjebladet:**

Andakt	s. 2
Kyrkjevalet	s. 3–4
Med Harry på Bjørnartur	s. 5–6
Bygland Bibel og naturcamp 2019	s. 7–8
Konfirmasjonar	s. 9
Gudstenesterekke, ætt skal fylgja ættarrad, fasteaksjonen, påmelding konfirmasjon .	s. 10
Innmelding til dåp, konfirmasjonar, konsert, tilsette og kontaktinformasjon.....	s. 11

Sinna, skuffet og lei meg!

Andakt: Kjell Steinbru

Denne strofa vil konfirmantane i Bygland heilt sikkert kjenne att. Den er frå ein song som eg spela for dei ein gong, og som dei etter kvart vart så begeistra for at dei ville ha den som ei avslutning på kvar einaste konfirmanttime. Det er ein fengande melodi til, og den er lett å syngje med på. Her er teksten til første vers:

*Sinna, skuffet og lei meg
Ser jeg på verden rundt omkring.
Sinna, skuffet og lei meg –
Gud, hvorfor gjør du ingenting?
Ser du da ikke at mennesker lider,
hater og dreper og slåss.
Sinna, skuffet og lei meg.
Hører du skriket som kommer fra oss?*

Teksten tek opp seg eit viktig tema, det som vi i kyrkja ofte kallar for synd. Sjølve ordet «synd» har ofte fått eit ufortent dårleg rykte. Det kan nok ha sin bakgrunn i at prester og predikantar har vore vel ivrige i å fortelje kor syndige vi menneske er. Kor lite vi er verdt og kor dårlege vi er som menneske. «Kyrkja preiker berre om synd», har ein av og til fått høyre.

Det trengs nok ei lita opprydding i dette. For det første skal ein ikkje sjå seg langt omkring for å sjå at synda, den er reell. Vi lever i ei verd der det er mykje vondt som skjer. Både ved menneske som gjer vonde ting mot kvarandre, men det skjer også mykje vondt i den verda vi lever i på grunn av ulykker og katastrofar av ymse slag.

Songteksta som er sitert ovanfor stiller det evige spørsmål som menneske til alle tider ha bala med: «*Gud, hvorfor gjør du ingenting? Ser du da ikke at mennesker lider, hater og dreper og slåss?*»

Profeten Jeremia er ein som ofte tek opp akkurat dette spørsmålet. Han fekk eit sær sars vanskeleg liv fordi han vart kalla av Gud til å gå ut å tale ein hard bodskap frå Gud ut til folket. Ein bodskap som dei ikkje ville høyre og ta imot. Ingen ville høyre på profetane i den tida og dei ville ikkje taka det han sa på alvor.

Jeremia vert ofte kalla lidinga sin profet. I nokre vers i profetboka klagar han til Gud overfor sin lagnad: «*Aldri sat eg og mora meg i lystig lag. For di skuld sat eg einsam, du fylte meg med harme. Kvifor er mi smerte utan ende og såret mitt ulækjande? Det kan ikkje lækjast. Du har vorte for meg som ein tørrlagd bekk, som vatn ein ikkje kan lita på.*» (Jer 15,17f)

Det er ganske spesielt at ein Herrens profet fører klagemål mot Gud på dette viset.

Men det er ikkje berre sin eigen lagnad han klagar over. Han tek innover seg heile folket sin lagnad: «*Går eg ut på marka, ser eg folk drepne av sverd, og går eg inn i byen, ser eg svolt og sjukdom.*

Sjolv profetar og prestar må fara til eit land dei ikkje kjenner. Har du heilt støytt Juda frå deg, har du avsky for Sion? Kvifor har du slege oss så det ikkje finst lækjedom? Vi har vona på fred, men det finst ikkje noko godt, og på ei tid med lækjedom, men sjå, det er redsle.» (Jer 14,18f)

Det går så langt at han er villig til å gje opp heile kallet til å være profet, men kallet vart likevel for sterkt: «*Eg er til latter heile dagen, alle spottar meg. Kvar gong eg snakkar, må eg skrika. «Vald og ran!» ropar eg. For Herrens ord har dagen lang vorte meg til spott og skam. Eg sa: «Eg vil ikkje tenkja på han og aldri meir tala i hans namn.» Då var det som om det brann ein eld i mitt hjarte. Han var innestengd i knoklane mine. Eg streva for å stå imot, men eg greidde det ikkje.*» (Jer 20,7f)

Det å vere sett til å gå med ein bodskap om synd og fråfall er ikkje så lett i vår tid heller. Som Paulus skriv i andre brevet til Timoteus: Folk vil helst ha det som kilar i øyret. Det som kilar i øyret kan for så vidt vere ting som er heit på sin plass. Det kan vere gode ord om kjærleik, fred, tru og von. Dette høyrer med til den kristne bodskapen. Men det er berre ein del av han.

Men om det ikkje fantes synd og vondskap i verda, hadde ikkje Jesus trengt å måtte dø på krossen og sona all verdas synd. Det å tala om synd er å tala opent og ærleg om oss menneske overfor Gud. Det høyrer med til den kristne bodskapen.

Lat oss til slutt taka med oss nokre ord frå 1. Johannes brev 1,8f:

«*Seier vi at vi ikkje har synd, då fører vi oss sjølve vill, og sanninga er ikkje i oss. Men dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd.*»

Målet med forkynninga er ikkje å forkynne synd, men tilgjeving for syndene og fred med Gud. Var det inga synd, så var det heller inga tilgjeving, og da vert heile bodskapen borte. Da blir det som Paulus skriv om Jesu sonande død og oppstode: «*Men har ikkje Kristus stått opp, er bodskapen vår tom, og tom er òg trua dykkar.*» (1. Kor15,14)

«*Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!*» (1. Pet 1,3).

Kyrkjevalet 2019

Tekst: Olav Nilsen

På dei same dagane som det er kommuneval til hausten er det og Kyrkjeval i Bygland.

Det som skal veljast er nytt sokneråd, denne gongen til det nye felles Bygland og Årdal sokneråd.

I tillegg skal det veljast nye medlemmer til Bispedømerådet.

Det vert høve til førehandsstemming for val til sokneråd og bispedømeråd i Servicetorget på Bygland kommunehus i perioden 12.08 - 06.09.2019 i kommunens opningstid.

Ta med valkort og godkjend legitimasjon.

Det vert frå og med 12.08.2019 lagt ut valmannsliste i Servicetorget på Bygland kommunehus til offentleg ettersyn. Eventuelle feil i valmannslista vert å melda til kyrkjeverja i Bygland.

Det vert val til sokneråd og bispedømeråd i Bygland og Årdal sokn 08.09.2019 og 09.09.2019.

Vallokale og opningstider vert slik:

Byglandsfjord valkrins:

Sundag 08.09.2019 kl.15.00 - 18.00 i Årdalshallen

Måndag 09.09.2019 kl. 12.00 - 18.00 i Årdalshallen

Grendi valkrins:

Måndag 09.09.2019 kl.12.00 - 18.00 i Grendi skulehus

Bygland valkrins:

Sundag 08.09.2019 kl.15.00 - 18.00 på Bygland kommunehus

Måndag 09.09.2019 kl.12.00 - 18.00 på Bygland kommunehus

Ose valkrins:

Måndag 09.09.2019 kl.12.00 - 18.00 på Ose Grendehus

Kandidatane til sokneråda og bispedømerådet fylgjer på neste side.

Oppstillinga på listene til Bispedømerådet framkjem slik dei føreligg frå Bispedømekontoret.

Ein skal merka seg at det føreligg 3 lister til Bispedømerådet. Desse vil bli godt merka i vallokala, slik at det er lett å sjå skilnaden på dei. Kandidatane som vert valde til Bispedømerådet er og medlemmer av Kyrkjemøtet.

Den eine lista er frå "Åpen folkekirke", den andre lista er den ordinære nominasjonslista frå nominasjonskomiteen i Agder og Telemark bispedøme, og den tredje lista er «Bønnelista».

På vallistene, både til sokneråda og til bispedømerådet, kan du gje tilleggsrøyst på inntil tre kandidatar. Det gjer du ved å setje eit kryss til venstre for namnet til kandidaten.

Oppslutnaden i Bygland om Kyrkjevalet i 2015 var svært god, og ein vonar på minst like god deltaking ved Kyrkjevalet i 2019.

SOKNERÅDSKANDIDATAR BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

SIGRID GREIBROKK, 41 ÅR	Lærer	Grendi
SIV TØRRESEN, 51 ÅR	Resepsjonist	Bygland
MARIT TAKSDAL, 64 ÅR	Rekneskapsfører	Bygland
ARVE RAUK, 71 ÅR	Pensjonist	Grendi
GURO KVAALE SKIBSRUD, 48 ÅR	Lærer	Bygland
TORHILD INGEBJØRG SKOMEDAL		
SANGESLAND, 66 ÅR	Avdelingsleiar	Bygland
ÅNUND ELDHUSET, 66 ÅR	Bonde	Bygland
STIAN ØINA VESTØL, 28 ÅR	Sjåfør	Grendi
CHRISTINA AHLSTRØD BESTELAND, 49 ÅR	Sjukepleiar	Bygland
ASTRID CARLSEN, 41 ÅR	Heimeverande	Bygland
KARI AUD BAKKE SVENNINGSEN, 66 ÅR	Barnehageassistent	Byglandsfjord

(8. -) 9. september 2019

Nominasjonskomiteens liste

Navn, fødselsår, stilling, Boststed poststed

1. Markus Westermoen, f. 1975, Ingeniør, Kristiansand
2. Torun Heier Sødal, f. 1961, Lærer, Kristiansand
3. Turid Torland Håland, f. 1966, Regnskapskonsulent, Lyngdal
4. Rolf Halvard Heimdal, f. 1951, Pensjonist, Stathelle
5. Simon Ellingsberg, f. 1984, Rektor, Hægeland
6. Silje Nilsen Østensen, f. 1997, Student, Seljord
7. Lars Sæland Lauvhjell, f. 1950, Pensjonist, Søndeled
8. Sissel Annette Marthinsen, f. 1971, Lektor, Farsund
9. Shelly Byholt Rigby, f. 2001, Student, fotograf, Nedenes
10. Gerd Vigdis Slettedal, f. 1951, Pensjonist, Øvrebø
11. Atle Olav Ljåstad, f. 1948, Pensjonist, Kragerø
12. Ståle Ryste, f. 1969, QA-Koordinator, Stathelle
13. Emilie Rolstad Bjørnholmen, f. 2001, Elev, Lillesand

Bønnelista

Namn, Fødselsår, Stilling, Boststed poststed

1. Håkon Kolstad Varhaug, f. 1996, Snekker, byggmester, Holum
2. Gerd Ruth Rosland Nordstrand, f. 1959, Tidl. selvst. næringsdrivende, Holum
3. Martin Birkedal, f. 1951, Adm. leder, Høvåg
4. Elisabeth Hyldmo Landsverk, f. 1954, Husmor, kunstner, Stathelle
5. Anna Kile, f. 1988, Jurist, Kristiansand
6. Martin Ellingsen, f. 1993, Miljøarbeider, Vennesla
7. Inger Dalen Lia, f. 1945, Pensjonist, Skien
8. Linda Elle Haraldsson, f. 1990, Sykepleier, Søgne
9. Bergsvein Often Normann, f. 1938, Pensjonist, arkitekt, Grimstad
10. Arild Breda Gulbrandsen, f. 1959, Selvst. næringsdrivende, Søgne

Åpen folkekirkes liste

Navn, Fødselsår, Stilling, Boststed poststed

1. Kai Steffen Østensen, f. 1994, Samf. planlegger, student, Vanse
2. Terje Damman, f. 1958, Fylkesordfører, Mandal
3. Ingvild Sommerfelt, f. 1992, Sykepleier, student, Risør
4. Odin Adelsten Aunan Bohmann, f. 1985, Fylkessekretær, Skien
5. Torunn Tørå, f. 1945, Pensjonist, Nedenes
6. Odd-Inge Rønning Uleberg, f. 1967, Kommunikasjonsrådgiver, Vennesla
7. Solveig Nordkvist, f. 1943, Pensjonist, Nodeland
8. Ingrid Cecilie Engel Sødal, f. 1985, Psykolog, Kristiansand
9. Sidsel Beate Kløverød, f. 1954, Pensjonist, Skien
10. Per Gunnar Disch, f. 1963, Førstelektor, Porsgrunn
11. Hallgeir Oskar Gjelsvik, f. 1953, Pensjonist, fysioterapeut, Nedenes
12. Solveig Botnen Eide, f. 1956, Professor, Lillesand
13. Dag Øyulf Vige, f. 1951, Næringsdrivende, Kristiansand
14. Bjørn Erik Høgseth, f. 1948, Pensjonist, lærer, Skien
15. Naja Amanda Lynge Møretrø, f. 1996, Student, Kristiansand

Med Harry på Bjørnartur!

Tekst: Olav Nilsen • Foto: Bjørnar Mørenskog og Olav Nilsen

26.april til 5.mai reiste 23 pilegrimar på ei veker etappe langs pilegrimsruta "Sølvvegen" i Spania.

Det er 5.året Bjørnar Mørenskog arrangerer pilegrimstur langs denne ruta, som startar i Sevilla og ender i Santiago de Compostella.

I år kom me inn i den fjellrike provinsen Castilla Y Leon, og starta i den idylliske fjelllandsbyen Banos de Montemayor der me budde på hotel Casa Rural i tre netter. Byen låg omkransa av høge fjell, ei lita elv snodde seg gjennom dalen, staden var prega at eit stille og rolig landsbyliv, og den einaste lyden nattestid kom frå kyrkjeklokkene kvar halvtime. For nokre ein ulyd, for andre ein vellyd, og for dei fleste av oss noko som ikkje øydela den gode nattesvevnen.

Hotellet og staden var prega av ein spansk rytme som høver best for dei av oss som føler seg mest i form jo lenger ut på kvelden ein kjem.

Andre kvelden hadde me avtalt middag klokka 8, men ho vart nærare 9 før kokka var på plass, og nærare 10 før me inntok ein betre middag. Frukosten var heller ikkje klar før i halvtida, men kva gjer vel det når maten smakar og kaffien etter kvart kjem på bordet?

Andre etappen med utgangspunkt i Montemayor var kan hende ein av dei finaste på heile turen. Her gjekk me verkeleg på gamal grunn, i starten langs ein steinsett veg heilt attende frå Romartida, og endte opp i den vesle landsbyen Calzada de Bajar der me fekk servert ein god lunch. Heile vegen hadde me dei snødekte toppane av Sierra de Gredos på høgde hand. Dei rekk opp i rundt 2.500 m.o.h. og var dekkja av nysnø då me kom. Hadde me gått over denne fjellrekka rett mot aust hadde me til sist endt opp i Spanias hovestad Madrid, som ligg på omtrent same høgda som det vakre landskapet med her gjekk gjennom - med høgreste fjell, djupe skogar og grønkledde langstrakte sletter så langt auga kunne sjå.

Den fjerde dagen gjekk me over det høgste punktet på heile strekninga frå Sevilla til Santiago, og då var med oppe i rundt 1.100 meter over havet. Rart å tenke på at landskapet til tider likna meir på høg-Jæren enn på Haukelifjell som ligg på omtrent same høgda, men så er me og på same breiddegrad som Sør-Italia.

Same ettermiddag kom me inn til ein koseleg liten by som heiter San Pedro de Rozades. Her tok dei flest inn hos Mari Carmen på Rural hotel.

Eit gildt herberge med god mat, ein triveleg bar og ein solfylt patio som dagen etter, på 1.mai vart fylt av byens trivelege lokalbefolkning. Sjølv fekk eg helse på ein liten triveleg 4 månaders gamal gut som vart kjærleiksfullt passa av mor, mormor, tanter og nieser, og som ikkje visste det beste dei kunne gjere for den vesle pjokken. Andre spelte kort, tok seg litt god mat og drikke, eller berre kosa seg saman på ein kjærkommen fridag.

Kona og eg vart plassert i resepsjonen i andre etasje. Der hadde me god plass, og likte oss svært godt. Ut mot matsalen i først etasje var det eit stort gitter, og for dei der nede såg det ut som me sat i fengsel. Dette fekk den trivelege hotelvertinna Mari Carmen sjå, og då eg seinare kom ned i matsalen med en caps det stod "Alcatraz" på kunne ho ikkje halda opp å le, for dette tykte ho i alle høgste grad stod i stil med resten av innkvarteringa.

Dagen etter gjekk me inn til den kjende gamle byen Salamanca, som ligg i delstaten Castilla y Leon. Byen ligg 800 meter over havet, og det bur rundt 160.000 menneske i byen. Av dei er mange studentar, for Salamanca har eit gammalt og svært anerkjent universitet, og byens historie skriv seg heile 2.400 år tilbake i tid. Her budde me to netter på eit flott hotel midt i sentrum av byen, og levde mest som grever og grevinner.

Det er viktig å nemne "grevinnene", for dei var i stort fleirtal på turen!

Heile pilegrimsvegen frå Sevilla til Santiago de Compostella er over 1.000 kilometer, og på årets tur gjekk me i overkant av 100 kilometer.

Det tyder at me framleis har eit stykke att.

Det var som vanlig mange gilde Setesdølar med på turen, både innflytta og utflytta!

Blant desse gjorde både Nils R. og Bjørg Hammer, Torun og Bjørnar Mørenskog, Else Lunden Mørland, Anne-Berit Aakhus og Harry Andersen eit solid inntrykk på både medvandrarar og lokale Spanjolar undervegs!

Til neste år vert det ei ny vandring langs Sølvvegen, og då det berre for endå fleire gilde Byglendingar og Setesdølar å melde seg på.

Det er Bjørnar Mørenskog som gjennom firmaet sitt Bjørnartur legg opp til desse flotte pilegrimsvandringane, og stor takk til han og kona Torun for at og årets tur vart ei stor oppleving for alle deltakarane.



Medvandrarar langs pilgrimsvegen. Frå venstre Olav Nilsen, Harry Andersen, Else Lunden Mørland, Anne-Berit Aakhus, Nils R. Hammer, Bjørg Hammer, Torun Mørenskog, Kjellfrid Bø Nilsen og Bjørnar Mørenskog. Foto: Bjørnar Mørenskog



Allsong på kyrkjetrappa i San Pedro de Rozades. Foto: Olav Nilsen



Snødekte fjell over Sierra de Gredos. Foto: Olav Nilsen.



To gilde pilegrimar frå Bygland. Harry Andersen og Anne-Berit Aakhus. Foto: Olav Nilsen.



«Jeg gikk en tur på stien».

Foto: Olav Nilsen

Bygland bibel- og naturcamp 2019

– bibel, fiske og lyrikk

Tekst og foto: Olav Nilsen

Bibel- og naturcampen 2019 gjeng i år av stabelen frå søndag 30.juni til søndag 7.juli.

Og i år vert det Audun Hjelvik som har bibeltimane, medan Halvard Myhren tek seg av kveldsmøtene.

Det er tredje året Audun Hjelvik frå Osterøy vert med oss. Han er ein solid bibellærer som og tek opp aktuelle saker i vår tid med djup forankring i Guds ord.

Halvard Myhren var dei 22 siste åra av sitt yrkesaktive liv pastor i Arendal frikyrkje. Blant folk flest er han nok mest kjend for å ha skreve fleire kristne bøker. Men det er kan hende alle dikta hans - over 2000 i talet - som har sett størst spor etter seg. Difor er det heilt naturleg at årets kulturkveld onsdag 3.juli vert ein dikt- og lyrikk-kveld med Halvard Myhren.

Då vert Charlie Blackwater med og set det musikalske avtrykket. Han vert rekna som ein av Skandinavias beste utøvarar på munnspel, og har vore eit fast og kjærte innslag på Bibel- og naturcampen gjennom mange år.

Det har og songaren Vera Henriksen vore. Ho bur til daglig i Sør-Spania, men tek kvart år turen opp på camp'en, og gler oss med sin djupe fagre stemme i varm framføring av dei gode gamle bedehus- og vekkelsessongane. I fjor gav ho ut CD'en "Some pretty day", og den vert sjølv sagt å få kjøpt i år og.

Charlie Blackwater vert og med på Songkvelden på laurdagskvelden - saman med Vera Henriksen, Wigdis Trøim og det lokale Vonheimkoret. Det er viktig for camp'en å knytte gode band til det lokale kristenfolket, og ingen er i så måte ein betre representant enn venene i Vonheimkoret som er tilknytt det lokale bedehuset på Bygland.

I år som i fjor tek Edvard Foss seg av ungdomane, medan Regine Austegard og Kristine Olsson endå eit år leier barnemøter og andre aktiviteter med stødig og god hand. Desse to unge kjekke jentene brenn for at borna og ungdommen skal verta kjend med Jesus, og det merker me så godt både i ord og handling!

Solid kost må til for aktive deltakarar på ein bibel- og naturcamp, og for andre året på rad er det Judith Zøllner som serverer god og heimelaga mat til store og små. Familien Zøllner har på same vis som mange andre gilde kristne tyskarar slått seg ned på Sørlandet, og mange av dei er idag sterkt engasjert på dei lokale bedehusa, noko me er svært takksame for. Og Judith Zøllner er ikkje noko unntak!





Ingen bibel- og naturcamp utan den årlege fiskekonkurransen, og minst 2-3 turar må til innover dei fagre Setesdalsheiene der KVS Bygland rår grunn over store areal, og med to koselege hytter ein kan slå seg ned ved og nyta nistepakka medan ivrige fiskarar i alle aldrar tek opp den eine auren etter den andre..

Mange gilde Vestlendingar er trufaste deltakarar på camp'en år etter år, og for dei er skogens konge eit eksotisk innslag dei gjerne vil sjå.

Då tek me dei med til Elgtun ved Landeskogen i Grendi, der ein er garantert å få treffa elg på eit stort innegjerda område, og der store og små attpåtil kan vera med å mata dei til fastsette tider.

Laurdag 6.juli kl.12.00 er det duka for det årlege Misjonsløpet, og der me over nokre år tilsaman har fått inn fleire hundre tusen til vedlikehald og oppussing av skulens omfattande og moderne bygningsmasse.

KVS Bygland byr på flotte internatbygg til overnatting, og full kost og losji for dei som vil ha det.

Veljer ein den enklare varianten er det god plass både til campingvogner, campingbiler og telt!

I tillegg til trufaste deltakarar som kjem attende år etter år, var det fleire nye deltakara i fjor som allereie har lova å koma attende. Ein stor familie frå Vennessla fann ut at dei for framtida heller vil ta turen til Bygland enn til Danmark. Det tek me som eit godt teikn!

KVS Bygland ligg i svært naturfagre omgjevnader, midt i hjartet av Setesdal, og med storslått utsikt over fjell og fjord.

Vil du vita meir, gå inn på heimesida www.bibelognaturcamp.no, sjå våre Facebooksider, mail oss på kbnilsen@hotmail.com, eller ring på telefon 982 99711 for meir informasjon og påmelding!

Velkomen til Bygland Bibel- og naturcamp 2019.



Konfirmasjon i Årdal kyrkje søndag 19. mai

Emilie Kjetså Arnesen, Daniel Eikerapen, Rebecca Irene Syvertsen, Synnøve Ose Omnes og Kjell Steinbru.



Konfirmasjon i Bygland kyrkje laurdag 25. mai

Sokneprest Kjell Steinbru, Roald Kvaale Skibsrud, Ånund Homme Egge, Åsne Langfeldt, Jorunn Skjevraak, Linn Larsson Mjaaland, Silje Neset Haugå, Martine Larsson Olsen og Emilie Bjørgan.





Kom til Guds hus!

VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

7. juli. 4. søndag i treeiningstida.
KVS Bygland kl. 11.00. Familiegudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketektst: Matt 9,35-38: «Grøda er stor». Takkoffer: KVS Bygland. Sundagsmiddag etter gudstenesta.

14. juli. 5. søndag i treeiningstida.
Tveitå kl. 12.00. Friluftsgudsteneste på garden Tveitå på vestsida av Byglands-

fjorden. Ved Kjell Steinbru. Preiketektst: Matt 18,12-18: «Sauen som gjekk seg vill». Viss dårleg vær vert gudstenesta i Årdal kyrkje.

21. juli. Aposteldagen.
Austadneset kl. 12.00. Friluftsgudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketektst: Mark 3,13-19: «Jesus blir døypt». Viss dårleg vær vert gudstenesta i Sandnes kyrkje.

29. juli. Olsok.
Sandnes kapell kl. 18.00. Gudsteneste ved Gunnar Ellingsen. Preiketektst: Luk 22,24-27: «Avskilsord til dei tolv læresveinane». Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt i Kambodsja.

18. august. 10. søndag i treeiningsstida.
Årdal kyrkje kl. 16.00. Familiegudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketektst: Mark 11,25-26: «Bøn og tilgjeving». Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt i Mali.

1. september. 12. søndag i treeiningstida.
Sandnes kapell kl. 11.00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketektst: Joh 4,27-30.39-43: «Jesus og samaritanane». Tale ved Gro Holm Rypestøl frå Normisjon. Takkoffer: Normisjon.

15. september. Vingardssøndag.
Austad kyrkje kl. 17.00. Gudsteneste. Vikarprest. Preiketektst: Matt 19,27-30: «Mange som er dei første, skal bli dei siste, og dei siste skal bli dei første». Takkoffer: Kirkens Fengersarbeid.

29. september. 16. søndag i treeiningstida.
Årdal kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketektst: Matt 11,16-19: «Sjå, for ein storetar og vindrikkar, ven med tollarar og syndarar!». Bokutdeling til 4- og 6-åringar. Takkoffer: Kristent Arbeid Blant Blinde og Svaksynte.

6. oktober. 17. søndag i treeiningsstida.
Bygland kyrkje kl. 16.00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Konfirmantpresentasjon. Preiketektst: Fil 1,20-26: «Å leva er for meg Kristus, og å døy er ei vinning». Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

20. oktober. 19. søndag i treeiningsstida.
Sandnes kyrkje kl. 16.00. Familiegudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketektst: Luk 9,57-62: «Jesus krev alt». Takkoffer: Stefanusalliansen. Kyrkjekaffi på Grendehuset.

ÆTT SKAL FYLGJA ÆTTERRAD



Dåp
28. april, Årdal kyrkje: Såvi Dale Greibrokk

Ektevidde
25. mai, Årdal kyrkje William Lødrup og Mari Rauk.

Døde
Eli Jorunn Kvaale, født 13.11.1955, død 28.05.2019
Olav Asbjørn Bergstøl, født 24.01.1950, død 21.02.2019
Ruth Øvergård, født 01.02.1933, død 15.04.2019
Gunstein Helleikson Lunden, født 31.01.1933, død 11.05.2019.
Svann Kvaale, født 04.03.1927, død 03.06.2019
Olav T. Langeid, født 17.09.1923, død 05.06.2019

Fasteaksjonen

Rekord for fasteaksjonen i Bygland i år. Med kontantar og Vipps vert det samla inn 18.694 kroner. Det vil seie at vi har vore med å gje om lag 100 menneske tilgang til reint vatn.

Her er eit dikt som ein har skrive og sendt inn til Kirkens Nødhjelp:

«Hugsar du at du la den pengen i den bøssa og tenkte: jaja, ein dråpe i havet... Så vart det plut-seleg ein brønn».

Kirkens Nødhjelp hjelper no tusenvis av menneske sør i Malawi, som er eit av dei landa som vart ramma av syklonen Idai tidleg i mars. I dei åtte leirene Kirkens Nødhjelp arbeider i er det stort behov for vatn- og sanitærsystem.

Påmelding til konfirmasjon.
På heimesida vår er det ein såkalla påmeldingsmodul der konfirmantane kan gå inn og melde seg til konfirmasjon. Gå inn på www.kirken.bygland.no, eller at kontakt med soknepresten.

Friluftsgudstenester

Gudstenester ute i det fri har synt seg å vere populære og trekke godt med folk. I sommar har vi to slike. Oppdatert informasjon om kor gudstenesta vert halden finn de på <https://www.facebook.com/Byglandskyrkjene/>

Tveitå den 14.juli kl. 12.00

Den første er på Tveitågarden oppe i lia eit par kilometer nord for Senum, på Byglandsfjorden si vestsida. Det skal stå eit skilt nede ved vegen (Fylkesveg nr. 304) som syner vegen ein skal ta oppover i lia. Ein kan køyre heit fram til staden der gudstenesta er. Ta med stoler. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi. Ein grill blir tent på, så ein kan taka med seg grillmat og steike på den. Viss dårleg vær vert gudstenesta i Årdal kyrkje.

Austadneset den 21. juli kl. 12.00

Sundagen etterpå er det friluftsgudsteneste på Austadneset, rett syd for Osebrua, på austsida av elva. Her kan ein òg køyre heit fram. Ta med stoler. Her vert det sett op ei bålpanne der folk kan steike medbrakt mat. Blir det dårleg vær, vert gudstenesta i Sandnes kyrkje.

GOSPELKONSERT TYSDAG 13.AUGUST

Tysdag 13.august kl.19.00 kjem den amerikanske gospelgruppa 4TH and MAIN med ein flott country-gospel- konsert i Bygland kyrkje.

Gruppa består av 4 unge menn frå Nashville som syng og spelar country-gospel-musikk i toppklasse, sjå <https://www.4thandmainmusic.com/>

Konserten er eit samarbeid mellom Bygland sokneråd, Finsland Gaitherclub og Skjærgårdsgospel.

Billettpris: kr.200,-.

Konfirmasjon i Austad kyrkje laurdag 1. juni

*Sokneprest Kjell Steinbru, Guro Besteland og
Tarjei Austad Igland.*



*Konfirmasjon i Sandnes kyrkje søndag 9. juni:
Synne Maria Frøysnes saman med sokneprest Kjell Steinbru.
I bakgrunnen heimlassen hennar på Frøysnes.*



Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,
Sentrum 18
4745 Bygland
Bygland kommune:37 93 47 00

Heimeside: kirken.bygland.no

Sokneprest Kjell Steinbru
Telefon:473 28 472
E-post: prest@evje.kirken.no

Kyrkjeverje Olav Nilsen
Telefon:982 99711
E-post: kbnilsen@hotmail.com

**Bygland kyrkjelege fellesråd og
Bygland sokneråd**
Leiar:
Knut Gakkestad
Mobil:948 80 383
E-post: knutgakkestad@yahoo.no

Årdal sokneråd
Leiar:
Gunnar Gautland
Mobil 908 25 928
E-post: ggautland@agder.no

**Tilsette
Organist**
Britt Haugen472 33 165
Hans Jurgen Wiehe915 47 804

Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes
Knut Gakkestad948 80 383

Kyrkjetenar, Årdal
Tore Moseid.462 39056

Kyrkjetenar og klokkar, Bygland
Kim Andre Thorstensen .. 984 69 989
Svein Kleivane 977 74 321


Kyrkjetenar, Austad
Tore Moseid 462 39 056

Klokkar, Austad
Svein Kleivane977 7 4321
Knut Gakkestad948 80 383

Reinhaldarar
Tora Vegusdal (Årdal) 975 07034
Marie Bue (Bygland) 482 10 259
Thora Bakke Nordgarden
(Sandnes)994 54 393
Therese Gautestad
(Austad)901 94676

Prostidiakon
Helga Victoria Aas
JohnsenMobil 992 30189
Mail: helga.johnsen@kirkebakken.no

Returadresse: Setesdalstrykk a.s
Kinovegen 16, 4735 Evje



*Sandnes kapell.
Foto: Olav Nilsen*